

# Vedtekter

## §1: Føremål

Vest Næringsråd har som føremål å ta vare på og utvikla næringslivet sine interesser i Sund, Fjell og Øygarden.

## § 2: Medlemmer

Medlemmer kan vera firma, private næringsdrivande og etatar / organisasjonar / lag med tilknytning til næringslivet.

Kvart firma skal ha 1 stemme. Innmeldinga må vera skriftleg og trer i kraft når medlemskontingenten er betalt. Utmelding skjer skriftleg.

Medlemmene skal aktivt og lojalt støtta rådet og arbeida for gode kollegiale tilhøve.

## § 3: Organ

Vest Næringsråd sine organ er:

Årsmøtet

Styret

## § 4: Kontingent

Etter tilråding frå styret, fastset årsmøtet medlemskontingent.

Medlem som etter påkrav ikkje har betalt den årlege fastsette kontingenten, vert stroken som medlem.

## § 5: Styret

Rådet sitt styre skal vera 7 personar. Styret vil bestå av minst 1 representant frå kvar av medlemskommunane, om valnemnda finn aktuelle og motiverte kandidater. Det skal veljast 2 varamedlemmer. Valnemnda består av eit medlem frå kvar av medlemskommunane.

Valnemnda kjem med tilråding ved val på årsmøte.

Styret foreslår valnemnd.

Styremedlemmene vert valde for 2 år om gongen, slik at halve styret skiftevis står på val kvart år. Leiaren vert vald av årsmøtet ved særskilt val for eit år, elles konstituerer styret seg sjølv, og vel m.a. nestleiar. Varamedlem til styret, valnemnd og revisor vert vald for 1 år.

Styret kan tilsetje lønt dagleg leiar / sekretariat og arbeida ut instruks for denne.

## § 6: Røystereglar

Alle saker vert avgjorde med vanleg fleirtal med unnatak av dei tilfelle som er nemnde i paragraf 13.

Er røystetalet likt, er leiaren si røyst avgjerande.

Årsmøtet er ikkje vedtaksført utan at 1/5 av medlemmene er fysisk til stades eller har gjeve fullmakt med skriftlig signatur eller via epost.

Ein kan berre røysta ved personleg frammøte eller ved skriftleg levert fullmakt før årsmøtet, med skriftleg signatur eller epost.

## § 7: Møter

I kvart arbeidsår kallar styret inn til medlemsmøte minst 4 gonger.

Ordinært årsmøte vert halde innan utgangen av april månad, og vert innkalla med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret eller 1/3 av medlemmene finn det påkrevd.

På ekstraordinært årsmøte har ein berre føre den eller dei sakene som har gjeve grunn for innkallinga.

## § 8: Årsmøte

Det ordinære årsmøte har føre:

Årsmelding  
Rekneskap  
Medlemskontingent  
Val på:  
Leiar  
3 styremedlemmer  
2 varamedlemmer  
1 revisor  
Valnemnda

Framlegg til saker på årsmøtet må leverast skriftleg til styret innan tre veker før årsmøtet.

### **§ 9: Styrets arbeid**

Styret vert kalla saman av leiaren så ofte han finn det naudsynt. 3 av dei andre styremedlemmene kan og saman krevja styremøte. Det skal førast protokoll frå styremøta. Styret er vedtaksført når 3 av medlemmene, mellom desse leiar eller nestleiar, møter. I slike høve må vedtaka vera samrøystes. Leiaren si røyst er avgjerande når røystetalet er likt.

Styret skal:

Aktivt arbeida for å oppfylle føremålsparagrafen og strategisk plan.

Fastsetje budsjett og føre tilsyn med økonomien.

Ta opp til drøfting alle framlegg eller spørsmål som skriftleg er sende til styret.

### **§ 10: Bransjearbeid**

Innan rådet kan medlemmene organisere seg i bransje- / interessegrupper. Gruppene kan ha sin eigen økonomi og egne tillitsverv i tillegg.

Gruppene sender kvart år innan 15. februar årsmelding til styret. Styret skal arbeida for å få oppretta slike grupper, stimulere gruppene i arbeidet og kan utnemne representantar til bransjestyra.

### **§ 11: Nemnder**

Styret eller årsmøtet kan setja ned nemnder til å arbeida med og greia ut saker som har interesse for rådet. Styret skal avgjera arbeidsområdet til nemndene og sjå etter at nemndene i arbeidet held seg til den fastsette ramma. Styret har tilgjenge til drøftingane i nemndene.

I årsmeldinga skal styret gjera greie for arbeidet i nemndene. Styret kan nemna opp medlemmer av rådet til å representera Vest Næringsråd i kommunale og andre nemnder. Dei oppnemnde representantane skal gjera styret kjent med arbeidet i nemndene.

### **§ 12: Sekretær – funksjon**

Den tilsette daglege leiar / sekretariat står for den daglege drifta i rådet i samsvar med den stillingsinstruks som gjeld til ein kvar tid.

### **§ 13: Oppløysing**

Oppløysing av Vest Næringsråd kan skje når minst 1/3 av medlemmene krev det og årsmøtet med 2/3 fleirtal av medlemsmassen eller 2 påfølgjande årsmøte vedtek det med vanleg fleirtal.

Ved oppløysing av Vest Næringsråd vedtek årsmøtet, ved vanleg fleirtal, korleis eventuelle midlar skal nyttast.

**Vedtektene er sist endra på årsmøte den 6. april 2016.**